

# LITT OM KORLEIS SKULEFANA TIL AUSTRÅTT SKOLE VART TIL.

*Av Knut Osaland, lærar ved Austrått skole frå 1957, rektor frå 1965 til 1989.*

Ut på hausten 2001 kontakta professor Røyne Kyllingstad meg. Han arbeidde med å skrive ned soga om faren, kunstnaren og bilethoggaren Ståle Kyllingstad. Ståle Kyllingstad hadde teikna og vore med då kona hans, målerinna Målfrid Markussen, sydde og broderte skulefana til Austrått skole. Kva årstal var det oppdraget blei utført, og korleis fekk skulen tak i materiala, ville han vite.

Kona mi, Åshild, tok til som lærar på Austrått skole i 1953. Ho hugsar at skulefana var ganske ny då ho kom til skulen og at Ståle Kyllingstad hadde hatt hand om utforminga. Eg måtte difor leite i gamle protokollar for å finne fleire fakta, og eg fann dei i arkivet på Sandnes Rådhus.

Det går fram av foreldrelagsprotokollen at det var stor sakn av fane då dei skulle høgtida første 17. mai etter krigen. Nokre dagar før 17.mai oppmoda skulen Rolf Frøyland om å måle ei skulefane til 17. mai 1945. Han tok oppgåva, og skulen fekk fana si til 17. mai – endå malinga ikkje var heilt tørr. Alle likte fana. Vakker var ho, og ein elev sa til læraren at han var kry av Austrått skule den dagen. Rolf Frøyland- fana blei brukt 17. mai fra 1945 til og med 1950.

Skulen hadde ikkje noko foreldrelag i 1945 som kunne hjelpe til med finansane til ny fane. (Foreldrelaget vart skipa den 15. november 1949). Skulen sendte difor ut eit skriv om saka, truleg i 1946, og bad tidlegare elevar om ein liten skjerv til ny ”skikkeleg” fane til skulen. Det kom inn om lag 400 kr. Etter at innsamlinga var avslutta, sendte Jonas Schanche Sandved kr 500 til ny fane med ei dotter som var elev ved skulen. Interesse for at skulen skulle få ei ”skikkeleg” fane var tent.

Med kr 900 i kassen til ny fane, trudde dei at det skulle greie seg. Men dei skjøna snart at det måtte monaleg meir til. Det var ikkje berre pengar det skorta på. Duk og anna utstyr var ikkje å oppdrive her i landet. Dei let difor planen liggja eit års tid.

Skulestyrar Åmund Eidnes kontakta Jonas Bjarne Øglænd og la fram for han fanesaka. ( Jonas Bjarne Øglænd var på den tida leiar i firmaet Jonas Øglænd). Han lova å hjelpe og skreiv til Ståle Kyllingstad om saka. Ståle Kyllingstad hadde gjort noko arbeid for firmaet før, difor kjente Jonas Bjarne Øglænd kunstnaren. Etter ei tid kom Kyllingstad med eit utkast til fane. Det blei godtatt. Jonas B, som han vart kalla, hadde då, i 1949, dottera Kirsten i Usa. Ho hjelpte til med å skaffe fin silkeduk.

”Det kan nok hende at utflytta Høylandsfolk har hjelpt til med nokre dollar”, heiter det i referatet.

Silkedukken kom til skulen i april 1950. Då var det for seint til å få fana ferdig til 17. mai det året. I tillegg til duken trengte dei fløyel, frynser, snorer og duskar. Ein ”utflytta rogalndsbu” fekk tak i det i Frankrike.

Bror til Jonas B, Sigurd, gav mange gode råd om stoff og kvalitetar. Til jul 1950 kom det ein pakke med alt utstyr til Austrått skule. Det var julegåve til skulen frå Jonas B Øglænd.

Ein gong ut på hausten 1950 kom Ståle Kyllingstad til skulen og drøfta saka med Eidnes. Kyllingstad lova då at fana skulle bli ferdig til 17.mai 1951. Utover vinteren var spenninga stor på skulen. Dei visste at Ståle Kyllingstad var ein etterspurd kunstnar med mange oppgåver, men brodering var han ikkje kjent for. Dei kunne ikkje halde seg for å høyre etter kor langt arbeidet var kome. Eidnes og Jonas B var i kontakt med kvarandre og Jonas B skreiv på nytt. Dei fekk vite at det var kona til Kyllingstad, kunstnaren Målfrid Markussen, som stod for broderinga. Ho hadde brodert fleire faner før denne. Bernhard Joa, frå foreldrelaget, laga stonga og monterte fana. Lars Sondresen, salamakaren i Langgata, laga bereselen. Alt var ferdig til avduking.



Torsdag 10.mai 1951 klokka 18 samlast foreldre, lærarar, elevar og andre interesserte i eit av dei fire klasseromma på skulen. Fleire enn 200 personar var møtt fram. Langt frå alle fekk plass i rommet. Foreldrelagsformannen, Harald Lima, styrde møtet.

Først fekk Amund Eidnes ordet. Han gav ei utgreiing om arbeidet framtil avdukingsdagen. Særleg takka han Jonas Bjarne Øglænd for all hjelp og råd han hadde gitt. "Eg kan ikkje seie noko betre enn ei hjartans takk frå alle skuleborna for alt det du har gjort og hjelpt til med!! Står det i referatet. Eidnes takka alle som hadde hjelpt til og: " til sist vil eg takka Ståle Kyllingstad og kona for fint arbeid. Fana er vakker, står visseleg høgt kunstnarlg både i utforming og utføring." Eidnes hadde òg nokre ord til skuleborna som var møtt fram: "Det er for dykk barn at alle har arbeidd og gjort dette. Hugs det! Me ventar at de nå alle på 17.mai viser mørnstergyldig framferd både i barnetoget og elles. Ingen ut av rekken i og under talen! Med skal vise fin framferd til ære for far, mor og skulen her. Nå har de eit merke å samlast om: Fana vår!"




Så fekk Jonas Bjarne Øglænd ordet og heldt avdukingstalen. Han sa: ”ei fane er mer enn et plagg. Det er et merke. Flagget vårt samler. Fana er et samlingsmerke for elever, lærere og foreldre. Lærerne er barna sine åndelige foreldre. Barna går halve barnealderen på skole. Her lærer de å oppføre seg. Lærerkunst, det er kjærlighet. Hvis bare lærerne gjorde sin plikt, var det mye, men de gjør mer enn de har lønn for. Bak fana vil vi lære, takke for alt, være gode kamerater, hjelpe hverandre. Foreldrene er med. Ingen ting står oss foreldre nærmere enn våre barn. Vi skal være glade og stolte over å få gå på Austrått skole. Og nå er fana vårt merke.” Det var ei høgtidstund då duken ( som var eit norsk flagg) fall og dei song: ”Nå slår vi ring om Norges flagg”

Etter avdukinga var det fleire som hadde ordet. Jonas Schanche sandved sa at han gledde seg og at han hadde arbeidd for at skulane i Høyland skulle få seg faner.

Skuleinspektør Anton Eide helsa frå skuleleiinga og gratulerte skulen med fana. Han sa at han alltid har misunnt Eidnes som er så flink til å få andre til å arbeide for seg.

Varaordførar Leiv Sporaland helsa frå kommunen. Sporaland var skulstyrar på Stangeland skule. I 35 år hadde han feira 17. mai utan fane. Men no i 1951 var det 4 skular som hadde fått fane.

Skulestyrar Thoralf Hofstad, næreste nabo til skulehuset på nedre Austrått, gratulerte med fana. Ein stor dag for Austrått. Og ein ekstra merkedag: Guttemusikken med leiaren, Bjørnulf Oftedal, hadde sin første opptreden då dei marsjerte rundt i skulegården og spelte: ”Ja, vi elsker” med nyfana først og eit langt tog av skuleelevar syngjande etter. Hofstad la til: ”Nå venter vi på neste – et jentekor”





Lars Vatsendvik, skulestyreformannen, sa han var rørt over det han såg og roste foreldrelaget for stor og god aktivitet. Han gratulerte Austrått skule med fana.

Etter matserveringa på skulekjøkkenet takka jonas B Øglænd for maten og samværet. Det same gjorde foreldrelagsformannen Harald Lima. Skulestyrar Eidnes slutta det gode referatet med ”Det viser det gode samarbeidet i praksis.”

Sidan skulen fekk fana, har ho vore eit samlingsmerke for Austrått skole kvar 17.mai og elles i festlege høve fram til no.



**Den første 17.mai med ny fane:**



St. A. 11-5-51

## Austrådt skule får ny fane

Ved ei enkel høgtid på Austrådt skule i går vart den nye skulefana avduka. Fana som er laga av silke, er teikna og komponert av billedhoggaren Ståle Kyllingstad.

Det var korte talar av skulestyrar Eidnes, formannen i foreldrelaget Harald Lima, Jonas Schanche Sandved og Jonas B. Øglænd, som avduka fana. Lærar Ollestad og skulestyrar Eidnes spela, eit jentekor song og det nystarta guttemusikkorpset synte at dei alt hadde lært eit par nummer. Forutan skuleborna og foreldra var skulestyret og lærarlaget til stades. Etter avdukinga var det kaffi og mat.

### Ny fane til Austrått skole

Torsdag var en stor dag for Austrått skole. Den nye skolefanen ble avduket og like etter hadde det nye guttemusikkorpset sin første opptreden. Den nye fanen ble avduket ved en enkel høytidelighet på Austrått skole, som var helt fullsatt av elever, foreldre og lærere.

Ståle Kyllingstad har tegnet utkastet til fanen ut fra motivet ungdom, vokster og vår. Fanen som er av silke bærer innskriften «Det dagast i Noreg». Den ualminnelig vakre fanen er sydd av fru Kyllingstad.

Skolestyrer Eidnes holdt en kort tale før avdukingen og takket alle som hadde bidratt til anskaffelsen av fanen. Selve avdukingstalen ble holdt av disponent Jonas Øglænd. Ellers var det korte talar av J. Schanche Sandved, tidligere ordfører og skolestyreformann Harald Lima som overleverte fanen til skolestyrer Eidnes. — Etterpå tok elevene seg en tur med den nye fane og musikkorpset. Til slutt var det en hyggelig sammenkomst på skolekjøkkenet, der det var taler av ordfører Sporaland, skolestyrer Hofstad, skoleinspektøren, disponent Ølland, skolestyrets formann L. Vatnendvik og skolestyrer Eidnes.

Austrått skole har  
fått sin fane  
*Sporaland - 12-5-51*



Torsdag kveld ble på Austrått skole avduket ein fane. Arbeidet for å skaffe midler til anskaffelsen av fane ble høgset i 15% med innsamling. Dersom ikke man 550 kr. som bidrag fra Jonas Schanche Sandved. Omkostningene ble større enn man hadde regnet med, og arbeidet lå nede en til innstil Jonas B. Øglænd og hans datter kom med i arbeidet. Fra Amerika har man som gavt fått silke, og fra Frankrike flagg. Bildhugger Ståle Kyllingstad har levert konsepten, og hans hustru har sydd fanen.

Skolestyrer Eidnes var en oversikt over arbeidet, og rettet ein takk til alle som hadde bidratt til å skaffe midler til den.

Jonas B. Øglænd holdt en valkner tale og sattet takken fast, og frent til skolestyrer Eidnes som hadde vært den drivende kraft i arbeidet, og kom også inn på betydningen av en fane som et symbol, og fortalt omfansem. Etter avdukingen var det en festlig gjestfrihet på skolen.

(Det nedenfor er under arbeid og vil bli mer oppdatert etter hvert)

**Vil du vite meir om:**

- Høyland kommune? [nn.wikipedia.org/wiki/H%C3%B8yland\\_kommune](http://nn.wikipedia.org/wiki/H%C3%B8yland_kommune)
- Jonas B Øglænd?
- Ståle Kyllingstad? [www.arkitektnytt.no/page/page/preview/10831/news-4-447.html](http://www.arkitektnytt.no/page/page/preview/10831/news-4-447.html), [217.68.115.203/isv/kunstverkregister/index.asp?ID=15](http://217.68.115.203/isv/kunstverkregister/index.asp?ID=15),  
[217.68.115.203/isv/kunstverkregister/index.asp?ID=18](http://217.68.115.203/isv/kunstverkregister/index.asp?ID=18),
- Målfrid Markussen?